

## **Landsmøtteuttalelse: Forby sjødeponi!**

Trondheim, 1. september 2013

Naturvernforbundet krev ein gruvepolitikk som tek ansvar for dei norske fjordane.

Det er miljøkriminalitet å bruke dei norske fjordane som avfallsplass. Akkurat nå er det to fjordar som står i fare for å bli øydelagt av gruveslam, Førdefjorden og Repparfjord. Vi har allereie fleire erfaringar med sjødeponi i Noreg. Erfaringane frå Bøkfjorden i Sør-Varanger viser at utsleppa raderer ut alt liv på botnen i dei planlagde utsleppsområda, og at det er stor spreiringseffekt og sterkt negativ verknad frå slam og gruvekjemikalier også langt utafor utsleppspunktet. I Repparfjord vil ein i tillegg få eit stort innhald av giftige tungmetall i slammet frå den planlagde kopargruva. Førdefjorden og Repparfjord er 2 av 29 nasjonale laksefjordar, og vi krev at ein slik status skal vera meir enn tomme ord, men i praksis vera ein garanti mot slike ekstreme inngrep. Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på det internasjonale marine miljøet, der reine og biologisk produktive norske fjordane er ein viktig del.

Naturvernforbundet tek sterk avstand frå gruedrift som baserer seg på å dumpe gruveslam i fjordane og krev at det må bli innført eit nasjonalt totalforbod mot sjødeponi for å verne det marine naturmiljøet. Dumping av gruveslam til sjø er miljøkriminalitet, og Noreg må bidra til at vi også får eit internasjonalt forbod.

Dumping av gruveslam i havet er på vikande front internasjonalt, og i tillegg til Noreg er det i dag berre tre andre land som enno ikkje har slutta med denne miljøskadelege praksisen. Ved å gje løyve til dumping av gruvslam i fjordane har Noreg plassert seg i det internasjonale botnsjiktet når det gjeld miljøkrav til gruedrift. Dette blir ikkje betre av at norske gruver slepp slammet på 30 til 200 meters djup, i dei biologisk mest aktive og viktige områda, mens dei andre landa legg slammet på 1000 til 4000 meter.

**Landsmøtet i Naturvernforbundet krev ein ny norsk gruvepolitikk som forbyr sjødeponi i norske fjordar!**